



Styremøte Bø museum

Dag: Torsdag 31. august 2023

Tid: kl.19.00

Stad: Polen

Til stades: Kristin Kleppen, Olav Finstad, Evy Beate Stykket, Kari Rast Monge, Hannele Hestetun, Atle Tjønnås, Kari Lønnestad

Frå drift: Bergit Li, Tore Bjørn Pettersen (frå ca 20.30)

Forfall: Jørn Berget, Ellen Schrumpf

Sakliste

Sak 46/23 Godkjenning av Innkalling og sakliste

Leiaren kommenterte at Tore Bjørn Pettersen var invitert til å kome kl. 20.30 for å orientere i sak 53 og 54.

Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 47/23 Godkjenning av referat frå siste møte

Referatet godkjent.

Sak 48/23 Erfaring frå sommarperioden

Det er mykje skryt av utstillinga, og arbeidsprosessen bak den var god. Evy hadde hovudansvaret. Bergit har sett opp eit dokument med oppsummering av sommarsesongen. Det var betre besøk og større omsetning enn i fjor. Arrangement er viktig for besøket, så me bør fortsette med program og ekstra servering på søndagane, det må planleggast i god tid. Det trengst dugnadsfolk i tillegg til dei faste museumsvertane desse dagane, og vaktliste må settast opp i god tid på førehand.

Sak 49/23 Dagleg leiar

Bergit og Kristin har hatt møte med rekneskapsfører Torgeir Larsen ang. ressursbruk i samband med ei evt tilsetting. Han er skeptisk til å bruke av oppsparte midlar til dette. Bergit, Kristin og Kari har vore i møte med kommunedirektørar og kultursjef 30.08.. Møtet var på museet og kommunens folk fekk orientering og omvising for at dei betre skulle forstå kva for verksemd me driv. Det var eit positivt møte, sjølv om kommunen har vanskeleg økonomi og ikkje kan love støtte. Museet blei oppfordra til å sende ein søknad til kommunen innan ein månads tid. Bergit og Evy ser på det. Kari sjekkar litt om regelverk for midlertidige stillingar.

Sak 50/23 Måling Åheim

Firmaet Telemarks Pro har meldt at dei ikkje kan måle i haust likevel, og ikkje før seinsommaren 2024. Så nå har me ikkje anna val enn å utsette målinga til neste år, og da bør me bruke andre aktørar. Arbeidet bør gjerast tidleg på sommaren.

Kristin kontaktar Olav Berge for å høyre om han kan sjekke med firmaet på Notodden som gav oss eit tilbod tidlegare. Eit anna alternativ er Landbrukstjenester Telemark, som også tar målaroppdrag. Dei må kontaktast på nyåret, om me ønsker å bruke dei.

Elles har vedlikehaldsgruppa planar om å vaske Polen utvendig i haust. Behovet er stort pga svertesopp.

Sak 51/23 Oppfølging arbeidsplan

Planen blei gjennomgått punkt for punkt.

- Det er rydda i materiale frå Tjønntveit postopneri i Øvre Bø, dokument er makulert etter råd frå samlingsansvarleg Finn Rønning. Eit lite utval er tatt ut og bevart.
- Aktuelt med ettersyn av feler som ligg i kommunehuskjellaren. Det bør søkast om støtte til dette.
- På magasinet i kommunehuskjellaren ligg det mengder av uinnbundne eksemplar av Bø-soga. Desse tar mykje lagerplass, og det blei drøfta om dei kan avhendast. Spørsmålet er tatt opp med kultursjefen som ikkje har innvendingar.

Vedtak: Atle ser på søknad om støtte til arbeidet med felene. Uinnbundne eksemplar av Bø-soga kan avhendast så sant det er eit tilstrekkeleg lager av innbundne eksemplar.

Sak 52/23 Dato for julemessa

Julemessa blir i år 25. og 26. november

Sak 53/23 Oppfølging Soga

Tore Bjørn orienterte. Pr i dag har nettverket Soga eit interimsstyre. Etter planen skal organisasjonen etablerast formelt i løpet av hausten. Det kan bli aktuelt å få med fleire medlemmer, det er dialog med bla Porsgrunn og Bamble. Primus-lisensen til Kultur-IT kan bli billigare for Bø museum med fleire medlemmer i Soga. Nettverket skal også arbeide med kompetanseheving. Fylkeskommunen er positive til etableringa.

Vedtak: Bø museum ønsker å delta på eit etableringsmøte for nettverket Soga.

Sak 54/23 Publisering av Kinck-samlinga

Videogruppa ønsker å ferdigstille artbeidet sitt med videopresentasjonar og publisere dette. Tore Bjørn orienterte om at avtalen med Harald Kinck omtalar publisering på Digitalt museum, og det er der publiseringa bør skje, meiner han. Han seier at enkelte ting må føyast til på dei videoane som er laga før publisering, spesielt namn på sentrale personar som blir vist. TB skal ha eit møte med Gunleik Hynne i videogruppa, der han regner med at dei finn ut av saka og vegen vidare.

Sak 55/23 Ymse

Neste styremøte: Torsdag 28. september kl. 1900.

Ref. Kari